



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) kunngjer:

Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune

Dåfjorden Klekkeri AS søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna til produksjon av yngel og smolt. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 1 m³/min (17 l/s). Det vert og søkt om å regulere Øvre Petarteigsvatnet mellom kote 41 (LRV) og kote 42 (HRV), og Nedre Petarteigsvatnet mellom kote 39 (LRV) og kote 40 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 35 l/s.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Leirvik og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer å få tilsendt papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Reidar Aksnes på tlf. 53 49 33 11 eller e-post: reidar@aksnes.com. Høyringsuttalar kan sendast elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo **innan 28.11.2014**.